

Referat frå innspelmøte Dalehallen 17. august 2022

Tal frammøtte: 10

- Dalehallen har gjort sin misjon for lengst. Den var ein gong eit fint bygg, men det er den ikkje lenger. Vi kan rive den.
- Hallen rotnar, hull i veggane, mugg mm. Hjelper ikkje med maling.
- Kommunestyret har tidlegare vedteke at bygge skal rivast eller seljast. Ikkje bruk pengar på ei ny utgreiing el.l.
- Det er ikkje moderne nok, verken heis, straum, ventilasjon.
- Affeksjonsverdien er sikkert stor, men ikkje stor nok til å takast vare på.
- Dalehallen sine funksjonar er ivaretatt i nytt skulebygg
- Vedlikehald vil vera kostbart og kommunen vil ikkje kunne koste. Skulle ynskje at nokon kunne tatt vare på huset, slik at ein ikkje tek vekk all identitet til sentrum
- Viktig å ha fokus på vedlikehald på nye bygg framover.
- Dalehallen har ein stor arkitektonisk verdi, det er ikkje alltid vi som bur opp i det ser det.
- Tilstanden er sliten både ute og inne, men om det hadde vore sett i stand hadde det vore eit flott arkitektonisk bygg. Ein ser korleis nokre hus er tatt vare på og kor fint det er vorte, t.d. fabrikkhusa.

Innspel til bruk av bygg/tomt:

- Byggje boligblokk med butikkar i første etasje slik at det ikkje vert parkeringsplass.
- Legge til rette for næringsbygg, leiligheter, og parkeringsplassar under bygget.
- Leiligheter til eldre. Fleire vaksne ynksjer å bu i sentrum og ikkje på Hestavollen mm. Godt vaksne kan få kort veg til sentrum.
- Om Dalehallen vert riven, så må ein ta med seg heilskapen i sentrum – ein må sjå korleis Dale har vore godt planlagt. Det må tenkjast nøye over korleis dette skal sjå ut og politikarane må gjerne styre utviklinga, og ikkje la arkitekt få frie tøyler til å teikne som ein vil.
- Det vil vera viktig å legge areal inn i sentrumsplanen.
- Det er ei god tomt og flott mulighet til nytt bygg – stort mulighetsrom.
- Det vert viktig å sjå dei to tomtene saman, parkeringsplass og Dalehallen, og få heilskap med Heradshuset, kyrkja og forsamlingshuset.
- Vi treng parkeringsplass, me det må ein kunne finne andre plassar enn midt i sentrum – ved fabrikk t.d.
- Ein kan få til eit turistområde/bygg der ein kan selje varer frå Dale og kanskje få ein plass midt i tomta til møteplass.
- Sentrumsplan vil vera veldig viktig.
- Ein må bestemme seg for om ein vil ha butikkar på Dalegården eller i sentrum. Slik at folk kjem innom.
- Når ein ev. bygger noko nytt så kan ein trekkje bygget lenger fram slik at det vert «friorråde» mellom høgbygget og nytt bygg.
- Trur ikkje det er rett at kommunen skal bygge nytt bygg, men at det er ein privat utbygger, slik at ein kan få selja leiligheter. Eigarleiligheter vert tatt betre vare på når folk eig boligane sjølv.
- I kommunal økonomi er sanering og nybygg det som er vanleg og kanskje billigare.
- Ikkje bruk 70 mill på eit nytt bygg som ein ikkje får inntekter på. Sjå etter privat utbygger. Ikkje binn kommunen til eit bygg vi ikkje har pengar til. Ikkje kommunale leiligheter som ein leiger ut.

- Det som kan vera vanskeleg er at det ikkje er lett å for private å vera i kommunale bygg.
- For at ein ikkje skal få støy er det viktig å ha ein plan for kva tomte skal brukast før det vert rive.
- Om det vert riving, så må ein sjå nytt bygg i samanheng med resten av sentrum med klare føringar frå Vaksdal kommune.
- Skuleelevar kan få som arkiteturoppgåve å teikne kva ein bruke tomte til.